

Oppal av overskotslam

Jacobs
UTVALGTE



PRIMA JÆREN



Kva er eit overskotslam?

- Overskotslam er eit lam der søya har for lite mjølk til at lammet får tilfredstillande tilvekst.

Lammet blir difor tatt frå søya og fôra opp på anna fôr enn morsmjølk .



VIKTIG FOR ALLE TYPE OPPDRETT:

- Nok råmjølk- helst frå mora – dvs 1,5 til 2 dl når det er født og 1 liter det fyrste døgeret for eit 5 kg`s lam
- Ta lamma frå mora etter ca eit døger
- Bingen til kopplamma skal vera tørr og trekkfri og ha tett liggeunderlag som isolerer
- Ha ein tilvenningsbinge der det er enkelt å fylgje opp at alle får mjølk
- Ha minst to grupper med overskotslam der ein sorterer etter vekt
- Maks 10 lam per smokk med automatfôring, to lam per smokk ved «lammemor» og ikkje alltid appetittfôring
- Gje lamma tilgang på reint vatn, kraftfôr og litt fint grovfôr i tillegg til appetittfôring med mjølkeerstatning
- GOD HYGIENE!
- Vurder vaksining mot pulpanyre



Produksjon av ordinære slaktelam- kraftfôrbasert- og beitebasert oppdrett av overskotslam



Kraftfôrbasert oppdrett:

- Avvenne lamma frå mjølkeerstatning ved ca 4 veker alder og ca 15 kg`s levandevekt (vurder både alder og vekt når det er fornuftig å avvenne).
- Avvenning med avgrensa fôring morgon og kveld i fire til fem dagar/ eller brå avvenning, men da kan lamma stagnere meir. Det er viktig at lamma får fri tilgang på friskt vatn heile tida, og spesielt når ein trappar ned på mjølka
- Fortsett vidare inne med vatn, kraftfôr og grovfôr etter appetitt til lamma er ca 6 veker. Du har da god kontroll på at lamma veks og er friske før dei blir slepte på beite
- Hald fram med kraftfôr etter appetitt frå ein kraftfôrautomat også ute på beite heilt til slakting. Tilveksten vil da bli høg sjølv om beitekvaliteten varierer. Kraftfôropptaket vil variere med beitekvaliteten.

Beitebasert oppdrett

- Fortsett med kraftfôr ute på beite til lamma er 10-12 veker gamle.
- La lamma gå på kvalitetsbeite f.eks. Italiensk raigras i kombinasjon med litt varig beite, gjerne med ly for sol, regn og vint
 - I forsøk oppnådde vi ein tilvekst på 280-330 g/dag på slik beite
- Alternativt kan ein gje kraftfôr avgrensa f.eks. 0,3 kg pr dag i samband med tilsyn av lamma
- Skiftebeiting slik at lamma får nytt beite kvar 2.-3. veke aukar beiteopptaket og tilveksten



Økonomi med produksjon av tidlig JS lam 2020



Fødselsdato	16.04.2020		
Fødselsvekt. Kg	5		
Alder slakting dager	70	Vekt slakting kg	34
Tilvekst g/dager	450	Slaktevekt	17
Kg mjølkeerstatning pr dag	0,45	Slaktedato	25.06.2020
Kraftfor, kg pr dag	0,4		
Slakteprosent	50 %		
		Pris pr kg ink. Grunntilskudd	
Slaktevekt, kg	17	44	kr 748,00
Puljetillegg		4,5	kr 76,50
Tidlig JS		13	kr 221,00
JS produksjon		3	kr 51,00
JS		3	kr 51,00
JS ekstra		3	
Tonnasje		1,8	kr 30,60
Ull			
RFID godkjenning		12	kr 12,00
Tilskot lammeslakt		450	kr 450,00
		Inntekter	kr 1 640,10
		Pris pr kg	
Mjølkeertatning, kg	22,5	32,5	kr 731,25
Kraftfor (storsekk)	30	4,2	kr 126,00
Vaksine (20 lam)			kr 41,00
Strø			kr 30,00
		Kostnader	kr 928,25
Til mjølkeutstyr, arbeid og grovfor /m sl tilskudd			kr 711,85
Til mjølkeutstyr, arbeid og grovfor /u sl tilskudd			kr 261,85

TUSEN TAKK FOR MEG!


PRIMA JÆREN

